

Fra: John Ragnar Myking <johnragnar.myking@gmail.com>
Sendt: mandag 3. oktober 2022 15:08
Til: Postmottak Alver
Emne: Søknad om endring i matrikkelen frå våningshus til heilårsbustad.
Vedlegg: Faktura bad.pdf; Godkjend røyrleggarmelding.docx

Søknaden gjeld gbnr 55/6 Bruvoll i Alver med postadresse Hundvinsvegen 11. I dag har eigedomen kode 163 (Våningshus). Eg ynskjer å endra dette til kode 161 (Heilårsbustad).

Dei siste tiåra har bustaden vorte brukt som fritidsbustad, men før dette budde mor mi - Alida Myking (død 2000) - der. Sidan 2019 har me meir eller mindre budd fast på denne adressa. Våningshuset er oppgradert med kommunalt vatn frå inneverande haust (tilknytingsavgift på kr. 15.000 ligg til betaling 23.10.2022) og nytt bad frå våren 2022 (sjå kopi av faktura frå Hjelmås VVS). Huset har godkjend avløp med septiktank (sjå kopi av godkjend røyrleggarmelding frå Alver kommune).

Våningshuset er bygd i 1936 og er i svært god stand. Med dei oppgraderingar som er gjort dei seinare åra skulle det tilfredsstillast alle krav til ein moderne heilårsbustad.

Vennleg helsing

John Ragnar Myking

Eigar av gbnr 56/6

Mob. 913 13 094

E-post: johnragnar.myking@gmail.com

Vedlegg:

Faktura frå Hjelmås VVS

Godkjend røyrleggarmedling frå Alver kommune